

ÅRSMELDING OG REKNESKAP

NYNORSK KULTURSENTRUM

20 19



Nynorsk kultursentrum

INNHALD


Nøkkelopplysningar	3
Direktøren har ordet	4
Kunnskapsutvikling	6
Kulturformidling	7
Kulturformidling på turne	8
Kommunar med besøk i 2019	9
Digital formidling	10
Allkunne	11
Arenaene våre	12
Ivar Aasen-tunet	14
Dei nynorske festspela	15
Olav H. Hauge-senteret	16
Ulvik poesifestival	17
Vinje-senteret for diktning og journalistikk	18
Litteraturdagane i Vinje	19
Organisasjon og administrasjon	18
Økonomi	19
Prisar	22
Signaturar frå styret	23
Resultatrekneskap	24
Balanse	25
Notar	27
Revisjonsmelding	29

FOTO

Skjalg Ekeland – side 1, 19, 22
 Sunniva Lund Osdal – side 4, 13
 Ingvil Skeie Ljones – side 5
 Kib & Morits – side 6
 Svein Olav Humberset – side 7
 Vigdis Nielsen – side 8
 Maren Vassbotn – side 15, 22
 Ådne Dyrnesli – side 17
 Hille Strandskogen – side 18

STIFTINGA NYNORSK KULTURSENTRUM

SKIPA 31. august 1993
ORGANISASJONSNUMMER 976013263
DIREKTØR Per Magnus Finnanger Sandsmark




IVAR AASEN-TUNET

Indrehovdevegen 176
6160 Hovdebygda



OLAV H. HAUGE-SENTERET

Promenaden 7
5730 Ulvik



VINJE-SENTERET

Vinjevegen 1441
3890 Vinje

STYRET 2019

NAMN	ROLLE	OPPNEMND AV	PERIODE
Lodve Solholm	leiar	Kulturdepartementet	25.2.2014–31.3.2022
Hilde Barstad	nestleiar	Kulturdepartementet	25.2.2016–07.2.2020
Hilde Bjørnsvik	medlem	Kulturdepartementet	27.2.2018–31.3.2022
Sæbjørn Forberg	medlem	Kulturdepartementet	25.2.2016–31.3.2020
Bjørn Lødemel	medlem	Kulturdepartementet	07.2.2020–31.3.2020
Janne Nygård	medlem	Rådet	27.2.2018–31.3.2022
Jon Østbø	medlem	Rådet	25.2.2012–31.3.2020
Siri Beate Gjerde	medlem	dei tilsette	27.2.2018–31.3.2020

Styret har hatt seks møte og behandla 63 saker.

VARAMEDLEMER FOR

KULTURDEPARTEMENTET

1. Bjørn Lødemel (27.2.2018–31.3.2022)
2. Svein Roald Nystø (27.2.2018–31.3.2022)

VARAMEDLEM FOR DEI TILSETTE

Laila W. Lid (28.2.2019–31.7.2019)
Oddny N. Aarflot (01.8.2019–31.3.2020)

RÅDSORDFØRAR

Per Halse – Høgskulen i Volda (2017–2021)
Vara: Hege Lothe – Sogn og Fjordane fylkeskommune (2018–2019)

VARAMEDLEM FOR RÅDET

Ellen C. Kvalsund (25.2.2016–31.3.2020)

FØREMÅLSPARAGRAF I VEDTEKTENE

Stiftinga Nynorsk kultursentrum er ei ideell stifting med hovudføremål å arbeide for nynorsk skriftkultur. Stiftinga skal kunne eige og drive språklege og litterære dokumentasjons- og opplevingssenter, festivalar, digitale tenester og forretningstiltak som er med og oppfyller dette føremålet.

STIFTARAR OG PARTNARAR 2019

- Det Norske Samlaget
- Det Norske Teatret
- Hordaland fylkeskommune
- Høgskulen på Vestlandet
- Høgskulen i Volda
- Landssamanslutninga av nynorsk kommunar
- Litteraturselskapet Det Norske Samlaget
- Musea på Sunnmøre
- Møre Folkehøgskule
- Møre og Romsdal fylkeskommune
- Møreforskning
- Noregs Mållag
- Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet
- Noregs Ungdomslag
- Rogaland fylkeskommune
- Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Telemark fylkeskommune
- Ulvik herad
- Universitetet i Bergen
- Universitetet i Oslo
- Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet
- Vestmannalaget
- Vinje kommune
- Volda kommune
- Ørsta kommune



Per Magne F. Loh

Ørsta, 25. februar 2020

Med utstillingar eller arrangement i 78 kommunar slo Nynorsk kultursentrum for første gong Riksteateret i konkurransen om å vere til stades flest stader i landet på eitt år.

MEIR NYNORSK TIL HEILE LANDET

DIREKTØREN HAR ORDET

For oss er det sjølvsagt at ein nasjonal kulturinstitusjon ikkje kan vente på at folk kjem til oss, men at vi aktivt må spreie kunnskap og kulturopplevingar til heile landet.

Gjennom mange samarbeid har Nynorsk kultursentrum vore ein av dei største aktørane i Bokåret 2019. Vi deltok for å vise at den norske bokhistoria alltid har vore fleispråkleg, og at både poesien og forteljingane har ein plass i norsk litteratur. Gjennom året presenterte stiftinga mellom anna litteratur for ungar i Setesdalsheiane, song salmar i Romsdalen, snakka om songbøker i Valdres, hadde utstilling i Tromsø og lét ein songlyrikar møte ein skriftlyrikar i Stavanger.

Det krevst både kløkt, kunst og kunnskap for å sikre eit språkleg mangfald og eit tolerant samfunn i framtida. Nynorsk kultursentrum arbeider både politisk og kultur- fagleg med å gjere det nynorske skriftspråket og dei norske dialektane til ein del av flest mogleg kvardagar – også i framtida.

Det politiske arbeidet til stiftinga har mellom anna omhandla språklov, språkmelding, museumsmelding, barne- og ungdomskulturmelding, statsbudsjett, læreplanar og vurderingsordningar i norskfaget. For å sikre både nynorsk og bokmål for framtida må Nynorsk kultursentrum og andre aktørar sørgje for at nynorsk blir meir synleg for barn og ungdom i skulen og på fritida. Dette behovet er større med dei nye lære- planane enn tidlegare.

Styret i Nynorsk kultursentrum vedtok 6. desember 2019 *Strategisk plan 2020–2025: Språk, kultur og kunnskap til heile landet*. Denne planen styrkjer arbeidet med forskning og nasjonal kulturformidling. I 2020 og 2021 blir organisasjonen tilpassa den nye strategien.

her breasts are dun;
s grow on her head:
red and white,
er cheeks;
ere more delight
m my mistress reeks:
t well I know
pleasing sound;
ss go, –
ks treads on the ground.
my love as rare
e compare.


30», 1609

**rdlands bebyggende Mænd
et til trælende Svend,
Kofte-klæd Bønder!
ud til Fiære som Field
ruger med Fisken paa Gield
aae-Torsken i Tønder.**

Trompet», 1739 (uddrag)

and's inhabitants, friend,
se to the poor hired man,
ple of Nordland!
en, in tunics homespun,
ore and others beyond,
ple of Nordland!

t of Nordland», 1739
e Jorgenson, 1954 (extract)



Forsking, samling og dokumentasjon av nynorsk språk og litteratur ligg til grunn både for formidlinga og for det politiske gjennomslaget.

KUNNSKAPSUTVIKLING

REGISTRERTE GJENSTANDAR

+18 frå 2018

100 %

REGISTRERTE BØKER

+1,52 % frå 2018

36,5 %



AUTORISERT KONSERVATOR NMF

1

+1 frå 2018

14

INNLEGG PÅ
FORSKINGSSEMINAR
OM LYRIKK

STYRKA FORSKINGSVERKSEMD

Forsking, samling og dokumentasjon av nynorsk språk og litteratur ligg til grunn både for formidlinga og for det politiske gjennomslaget. Nynorsk kultursentrum har i 2019 styrka forskingsverksemda. To tilsette har fått avsett forskingstid. Nynorsk kultursentrum deltek i forskingsprosjektet *Fogderifylket Møre og Romsdal* i lag med dei andre musea i fylket. Stiftinga driv sjølv *Nettverk for poetisk tenkjing*, som publiserte antologien *Undergang og utopi. Poesi i krietider* i 2019. I tillegg arrangerte nettverket seminaret *Kva kan vi lære av diktet?* Nynorsk kultursentrum er medlem av forskargruppa for skriftkultur ved Høgskulen i Volda.

SAMLINGSFORVALTNING

Med ekstra ressursar mot slutten av året fekk Nynorsk kultursentrum digitalisert og tilgjengeleggjort 18 gjenstandar i 2019. Dei kulturhistoriske gjenstandane og fotografa er 100 % registrert, og i 2019 var høvesvis 3,9 % av gjenstandane og 100 % av fotografa digitaliserte. Det er investert i nytt ventilasjonsanlegg for samlingane i Ivar Aasen-tunet og planlagt nytt ventilasjonsanlegg for boksamlinga etter Olav H. Hauge i 2020.

STØRRE PROSJEKT

Nynorsk kultursentrum avslutta eitt, byrja eitt og heldt fram med eitt større prosjekt som dokumenterer nynorsk kulturhistorie, i 2019. Det avslutta prosjektet er *Olav H. Haugebibliografien*, som blei publisert i desember. Det påbyrja er minneintervju med sentrale personar for nynorsk skriftkultur. Her har vi i 2019 utvikla metode, skaffa utstyr og gjennomført eitt intervju. Dette blir det viktigaste dokumentasjonsarbeidet i åra som kjem. I det nynorske oppslagsverket Allkunne har vi, som før, publisert og oppdatert nye artiklar om nynorsk kulturhistorie.

Nynorsk kultursentrum arbeider målretta for å bli betre kjend med målgruppene.

KULTURFORMIDLING

Frå år 2000 har Nynorsk kultursentrum gjennomført publikumsundersøkingar på arenaene. Dette blir no utvida til turnéverksemda vår. Samstundes har stiftinga sett i gang ei kartlegging for å finne ut kva målgrupper som kan ha nytte av kva slags nynorsk kulturtilbod i framtida.

SPRÅKLEG MANGFALD

Stiftinga er medviten det språklege mangfaldet i Noreg. Norsk teiknspråk, urfolksspråka og dei nasjonale minoritetsspråka har ein sjølvsgd plass i utstillingane og arrangementa i regi av stiftinga. Til dømes blei Bokåret 2019 feira med utstillinga *Det fleirspråklege Noreg*. Ved planlegginga av Vinje-senteret for diktning og journalistikk er det medvite lagt inn døme frå kvensk og samisk diktning og journalistikk som ein del av forteljinga om norsk skriftkultur.

RELEVANT OG REPRESENTATIV

I 2019 byrja Nynorsk kultursentrum eit arbeid med å gjere formidlinga vår meir relevant og representativ for fleire. Vandreutstillinga *Bipersonar* løftar fram norsk litteratur og journalistikk der hovudpersonane er homofile, bifile og transpersonar. Det har vi ikkje gjort før. Den nynorske identiteten utforskar vi nærmare gjennom både forskingsprosjektet *Fogderifylket Møre og Romsdal* og minneinnsamling. Nynorsk kultursentrum reiser systematisk til ulike landsdelar for å møte og snakke med nynorskbrukarar om kva dei kan ønskje seg av oss.

TILGJENGE

Nettstadene følgjer retningslinjene for universell utforming. Publikumsområda på arenaene er tilrettelagde etter gjeldande forskrifter, og under Dei nynorske festspela har vi lagt til rette for skyss heilt opp til Aasen-tunet for dei som treng det. Det er gratis inngang med følgjekort til alle arenaene.

GJESTETAL

Med 32 062 gjester har Nynorsk kultursentrum det tredje største besøket nokosinne. I tillegg kjem gjestetala til vandreutstillingane våre, som er førte i statistikkane til dei som har lånt inn utstillingane.

SAMLA GJESTETAL

2019	32 062
2018	37 844
2017	27 143

GJESTER PÅ ARENAENE OG FESTIVALANE

2019	21 739
2018	29 269



UTEBIBLIOTEK PÅ TURMÅL
OG LYRIKK PÅ STØLAR

27

KULTURFORMIDLING PÅ TURNÉ

Gjennom skuleframsyningar, utstillingar, konsertar og foredrag har kulturformidlinga til Nynorsk kultursentrum nådd ut til store delar av landet.

BOKÅRET 2019

Nynorsk kultursentrum markerte Bokåret 2019 med 55 arrangement, fem nye vandreutstillingar og éi temautstilling. Songlyrikk, salmar, nynorsk bokhistorie og skeiv litteratur var nokre av temaa som blei løfta fram. Vi arrangerte *Poetisk barnebokveke* i Hallingdal og Hordaland, *Forteljingar i skogen* i Agder og Telemark og *Sakprosaveke* i Nordfjord og på Sunnmøre.

VANDREUTSTILLINGAR

Aldri før har fleire hatt høve til å sjå vandreutstillingane våre. 38 utstillingar er til utlån, og etterspurnaden har auka mykje i 2019. Totalt var det heile 579 fleire dagar med vandreutstillingar på turné i 2019 enn i 2018. Utstillingar på turné er ikkje rekna inn i gjestetale, men ført hos dei institusjonane som har lånt inn utstillingane.

DEN KULTURELLE SKULESEKKEN

8 976 elevar og lærarar i seks fylke har fått oppleve fire produksjonar frå Nynorsk kultursentrum på turné i Den kulturelle skulesekken. 169 framsyningar har nådd elevar frå 1. klasse i barneskulen til elevar i den vidaregåande skulen. To produksjonar var på turné i Aust-Agder for første gong, *Ein nordmann likar ikkje å vere våpenlaus* og *Les for livet*. Nynorsk kultursentrum har byrja å produsere ein ny turné om journalistikk og kjeldekritikk til Den kulturelle skulesekken.

PUBLIKUM VIA DEN KULTURELLE SKULESEKKEN

2019 8 976

2018 7 034

169

FRAMSYNINGAR I DEN KULTURELLE SKULESEKKEN

+4 frå 2018



KOMMUNAR MED ARRANGEMENT ELLER UTSTILLING

+20 frå 2018

78

DAGAR MED VANDREUTSTILLINGAR PÅ TURNÉ


439

2018

1 018

2019

KOMMUNAR MED BESØK I 2019



I 2019 hadde Nynorsk kultursentrum minst 20 brukarar av dei digitale tenestene for kvar gjest på eit arrangement eller ei utstilling.

DIGITAL FORMIDLING

DIGITALE TENESTER

Digitale tenester er ein viktig del av tilboda frå Nynorsk kultursentrum, som både driv nettleksikonet allkunne.no og barnenettstaden tunkatten.no og formidlar fagstoff om nynorsk historie, språk, diktekunst, sakprosa og journalistikk på nettstadene og i sosiale medium.

TUNKATTEN.NO

Tunkatten.no er eit aktiviserande formidlingstilbod for barn mellom 5 og 12 år om nynorsk språk og litteratur. I 2019 hadde nettstaden 14 originaltekstar om tunkatten Lurivar av ulike forfattarar, 17 lydbøker, ordliste, boktips og over 85 songar tilgjengelege med lydfiler og notar.

BRUKEN AV DEI DIGITALE TENESTENE

Nettstadene hadde 650 099 unike brukarar, 787 456 økter og 1 465 885 sidevisingar i 2019, mot høvesvis 563 810, 698 574 og 1 481 058 året før. Både i innhald og bruk var allkunne.no den største nettstaden vår også i 2019. Allkunne.no stod for om lag 60 prosent av besøka, medan resten var fordelt på dei ni andre nettstadene. Nynorsk kultursentrum har 16 kontoar i sosiale medium og hadde 25 530 følgjarar i 2019, mot 23 367 året før.

ØKTER PÅ ALLE NETTSTADENE


2019	787 456
2018	698 574

SIDEVISINGAR OM IVAR AASEN

15 664	16 154
2018	2019

FØLGJARAR I SOSIALE MEDIUM

25 530 +2 163 frå 2018



SPELTE SONGAR PÅ TUNKATTEN.NO

62 947 +8 796 frå 2018

ALLKUNNE



ØKTER PÅ ALLKUNNE.NO

2019 471 471

2018 389 741

FØLGJARAR I SOSIALE MEDIUM

9 722 +649 frå 2018

ARTIKLAR PÅ ALLKUNNE.NO

2019 26 007

2018 25 372

OPPDATERTE ARTIKLAR

943 +44,2 % frå 2018

Allkunne er eit nettleksikon på nynorsk. Meir enn 26 000 artiklar om mange ulike emne er tilgjengelege på nynorsk gjennom denne nettstaden.

I 2019 lanserte Allkunne *Språkfakta interaktivt*, med utdrag frå Språkfakta 2015 som er presenterte med informasjonsgrafikk, interaktivt språkkart og tabellar. Ein engelsk versjon blei òg publisert. Arbeidet med lettlesne faktaartiklar som er tilpassa læreplanane innan natur- og samfunnsfag, for ungdom heldt fram i 2019 og blir avslutta i 2020. Prosjektet er støtta av Utdanningsdirektoratet og Sparebanken Vest.

Allkunne avslutta i 2019 prosjektet «Røystene som nådde målet», som dokumenterer nynorsk litteratur- og kulturhistorie. Prosjektet var støtta av Fritt Ord og Sparebanken Vest.

Det blei publisert ei rekkje artiklar om forfattarar som skriv på nynorsk og dialekt, artiklar om språk, samfunnsomgrep, klima, biografar og aktuelle emne med meir, ein artikkelserie om norsk historie, kvissar og ei temaside om kommunestyre- og fylkestingsvalet.

I 2019 hadde Allkunne nær på 10 000 følgjarar i sosiale medium, som får servert nye drypp med kunnskap frå leksikonet kvar dag.

Allkunne blei i 2019 nominert til Språkprisen. Allkunne deltok også på den første internasjonale leksikonkonferansen med leksikon frå Europa og Nord-Amerika, European Encyclopedia Conference 2019.

Nynorsk kultursentrum har tre arenaer:
Ivar Aasen-tunet, Olav H. Hauge-senteret og
Vinje-senteret.

ARENAENE VÅRE

MUSEUM, FESTIVALAR OG KOMMERSIELLE TENESTER

Ved alle arenaene driv vi museum og festivalar og har kommersielle tenester som butikk, kafé og utleige. Nettbutikken handlenett.no er ein del av arenadrifta i Ivar Aasen-tunet.

SALSINNTEKTER VED ARENAENE

Ivar Aasen-tunet og handlenett.no	1 994 000
Olav H. Hauge-senteret	250 000
Vinje-senteret	44 000

NEDGANG

Alle butikkane har hatt ein nedgang i salet, samanlikna med 2018. Til saman har salet gått ned med 406 000 kr. Det har vore ein nedgang i salet over år. Det heng i år saman med færre turist-grupper på besøk. I 2019 vart det heller ikkje arrangert Poesifestival i Ulvik.

BARN OG UNGDOM

28 prosent av gjestene ved arenaene er barn og ungdom. På den måten er Nynorsk kultursentrum ein viktig vidareførar av lokal språkleg og kulturell identitet.


EIGENUTVIKLA VARER

Nynorsk kultursentrum har mange eigenutvikla varer. I 2019 lanserte vi fleire nye: Lurivar-bamsen, refleksband med Ivar Aasen-sitatet «Var ikkje mørkret, så visste vi ikkje av stjerner», t-skjorter med skrifta «Snakk litt med katten», ein ny kopp og t-skjorter med sitat frå festspeldiktar Carl Frode Tiller. Vi gjekk over frå bomullstoff til bambusstoff på Ivar Aasen-bokseren. Varene våre blei også selde ved andre arenaer, og vår eiga tunpølse blei seld av Ole Ringdal på fleire butikkar i Nordfjord og på Sunnmøre.

NYE NETTSTADER

Nettstadene for arenaene er frå desember 2019 meir tilpassa innsal av reisemålet overfor lokale og nasjonale målgrupper.


EIGENINNTEKTER (I MNOK) PER TEMA ETTER ARENA



OMSETNING BUTIKKAR




OMSETNING KAFÉ



BØKER SOM DEL AV DET TOTALE SALET



SELDE AASEN-BOKSARAR





Fleire tusen menneske har i over hundre år kome til Ivar Aasen-tunet for å oppleve språk, litteratur, arkitektur, kunst og musikk.



IVAR AASEN-TUNET

BILLETTINNT EKTER

2019 747 000,-

2018 591 000,-

GJESTER I IVAR AASEN-TUNET

2019 15 649

2018 18 482

SIGNATURAR I UTEBIBLIOTEKA

2018 1 211 2019 1 664

57

ARRANGEMENT I ØRSTA OG VOLDA (UTANOM FESTSPELA)

–8 frå 2018

ATTRAKTIVT REISEMÅL

Utstillingane blei sommaren 2019 supplerte med aktivitetar i uteområda for å gjere arenaen til eit meir attraktivt reisemål.

Vi hadde tre nye temautstillingar om nynorsk vinyl, Carl Frode Tillers metode og fleirspråkleg bokhistorie i 2019.

ARRANGEMENT OG UMLEIGE

Aasen-tunet satsa på færre arrangement på arenaen i 2019, men utvikla ein konsertturné og henta inn 50 prosent av årets billettinntekter på den første konserten i Volda. Nedgangen i gjestetallet på arenaen kjem både av ein svak sommarsesong i tunet i 2019 og ekstraordinært høgt besøk i 2018.

BEST BESØKTE ARRANGEMENT I 2019	GJESTER
Opning av Barnekunstutstillinga	248
No soli bakom blåe fjell, konsert	232
Agnes Ravatn – Dei sju dørene, samtale	82

BILLETTINNT EKTER

Billettinntektene for Festspele og arrangement auka frå 489 000 kr i 2018 til 621 000 kr i 2019. Det har vore eit mål over tid å auke eigeninntektene til Aasen-tunet. Det var 67 utleige-arrangement i Aasen-tunet i 2019, mot 60 i 2018.

TUNKATTEN

I Ivar Aasen-tunet bur den gule og blå katten Lurivar. Han er ordspion. I 2019 hadde han «Påskerock» i Ivar Aasen-tunet og 11 utebibliotek i sju kommunar, og han arrangerte to sommarfestar i Aasen-tunet. Han debuterte også i bokform i eit samarbeid med Lars Mæhle, Monica Egeli og Det Norske Samlaget. Boka *Gjett ordet med Lurivar* får også ein oppfølgjar i 2020.

DEI NYNORSKE FESTSPELA

Neste festival **11.–14. juni 2020**

Under Dei nynorske festspela kan du møte aktuelle forfattarar, nyte konsertar ute i amfiet og oppleve teater, litteratur, musikk og kunst i Ørsta og Volda.

Dei nynorske festspela blei arrangerte 13.–16. juni 2019. Temaet for Festspela var *Forteljingar*, og festspeldiktaren var Carl Frode Tiller. Han er den første festspeldiktaren frå Trøndelag.

BEST BESØKTE ARRANGEMENT I 2019	GJESTER
Mari Boine	522
Bokkereiars og Sidebrok	426
Sigvart Dagsland	389

Under festivalen yrer det av liv i Ivar Aasen-tunet. Amfiet blir fylt av opningshøgtid, underhaldning, pop-, rock-, folkemusikk- og jazzkonsertar, barneteater, gudsteneste og stemne. Utekafeen er open og har eit variert tilbod med lunsj, middag og kaker. I salen er det teater, forfattarmøte, meir intime konsertar og kulturfaglege forelesingar. Utstillingane er opne, og butikken har gode tilbod. Desse dagane kan alle finne noko for seg i tunet.

Det er også arrangement på kafear, på skular, i barnehagar, på bibliotek og andre stader på Søre Sunnmøre.

BILLETTINNTEKTER

2019

501 000,-

2018

413 300,-

GJESTER PÅ FESTIVALEN

7 888

2018

6 107

2019



BARN OG UNGE AV GJESTENE

–5 % frå 2018

21 %

61

ARRANGEMENT

–6 frå 2018



OLAV H. HAUGE-SENTERET

BILLETTINNTEKTER

2019	152 000,-
2018	804 000,-

GJESTER VED OLAV H. HAUGE-SENTERET

2019	2 336
2018	7 193

ELEVAR I POESIVERKSTADEN

571	304
2018	2019

20

ARRANGEMENT

same tal som i 2018

Olav H. Hauge-senteret i Ulvik formidlar lyrikk i mange former og på tvers av språkgrenser. Museet er det einaste lyrikkformidlingssenteret i Norden og ein viktig kulturinstitusjon i Hardanger.

BEST BESØKTE ARRANGEMENT I 2019

GJESTER

No soli bakom blåe fjell	116
Tønes og Hovland reddar kvelden	113
Sidersleppkonsert med ReHarvest	105

STØLSTRIMMEN

Kvart år sidan 2015 har Hauge-senteret bidrege med utvalde dikt til stølstrimmen i Ulvik, i samarbeid med Ulvik Turlag.

UTSTILLINGANE

I sommarsesongen var det faste omvisingar kvar dag. Det blei opna ei ny temautstilling om fuglar i lyrikken.

BARN OG UNGDOM

Hauge-senteret har på andre året samarbeidd med Nøringen: eit kulturtilbod til 4–6-åringar i regi av Ulvik Kulturskule og Nøringen. Vi har hatt to familiearrangement i senteret, og vi lanserte utebiblioteket Leseskogen på Tunheim/Lekve i Ulvik denne sommaren.

ULVIK POESIFESTIVAL

Neste festival **11.–13. september 2020**

Under Ulvik poesifestival kan du oppleve lyrikk og musikk i poesi- og eplebygda Ulvik i Hardanger.

Annakvart år går Poesifestivalen av stabelen i Olav H. Hauge si heimbygd Ulvik. Publikum kan oppleve konsertar, utstillingar, debattar, opplesingar, foredrag og barnearrangement. Hauge-senteret og ungdomshuset Elvatun blir fylt med poetar, musikarar og lokal mat og drikke frå føremiddag til seint på natt. På gardane langs frukt- og siderruta kan du nyte lokalt handverk medan du lyttar til norsk og nordisk lyrikk. Kongresshallen på Brakanes hotell er arenaen for dei største teater- og konsertarrangementa på kveldstid.

Du får oppleve eit rikhaldig mangfald i norsk poesi, dyktige musikarar, spente debutantar og sjølvstekt nye kunstnariske tolkingar av dikta til Olav H. Hauge.

Ulvik poesifestival blei ikkje arrangert i 2019.

SIGNERTE UTØVARAR FOR 2020



12/90 per. 31.12.19



LØYVDE INNTEKTER I 2019

645 000,-

Dette avviker frå førte midlar i rekneskapen. Prosjektmidlar blir rekneskapsførte når dei blir realiserte, ikkje når dei blir løyvde.

35

PLANLAGDE
ARRANGEMENT
I 2020

–2 frå 2018



VINJE-SENTERET FOR DIKTING OG JOURNALISTIKK

BILLETTINNTEKTER

2019 248 000,-

2018 228 000,-

GJESTER PÅ ARRANGEMENT OG I UTSTILLING

2019 3 754

2018 3 594

LØYVINGAR

MNOK **5,98**
TIL NY UTSTILLING

MNOK **31,0**
TIL NYTT BYGG

9

ARRANGEMENT

+5 frå 2018

Menneska fortel både oppdikta og sanne forteljingar. Ved Vinje-senteret kan du oppdage kva forteljingar og forteljarar tyder for verda vi lever i.

OPNAR I 2021

Senteret opnar etter planen i 2021, og det blei lyst ut utstillingsplan og basisutstilling på anbod hausten 2019.

Utstillingsplanen blei lagt fram i november og er utarbeidd av tidlegare redaktør i Aftenposten Harald Stanghelle, historikar Sigrun Høgetveit Berg, lektor Ingrid Sponheim og nordist Kristian L. Sandberg. Utstillinga presenterer kraft og krefter i journalistikken og ulike motiv i romanar, noveller og barne-bøker og gir publikum innsikt i verka til Aasmund Olavsson Vinje, Aslaug Vaa, Tarjei Vesaas og Halldis Moren Vesaas.

Allereie no driv senteret kulturprogram i regionen og omvisingar i Vinjestoga.

BEST BESØKTE ARRANGEMENT I 2019	GJESTER
Litteraturpub på Vinje Bryggeri	144
Diktaren og biblioteket	47
Frå papiravis til snapchat	47

FASTE OMVISINGAR

I sommarsesongen var det faste omvisingar i Vinjestoga. Ellen og Aasmund Nordstoga song og fortalde for fleire større grupper i 2019. Det opna ny temautstilling om A. O. Vinje i før-rommet.

Éin gong i året reiser eit titals aktuelle musikarar, forfattarar og journalistar til fjells for å gi deg gode kulturopplevingar i bygdene i Vinje i Telemark.

LITTERATURDAGANE I VINJE

Neste festival **23.–25. august 2020**

Litteraturdagane i Vinje er ei årleg tilskiping der meininga er å bli litt betre kjend med forfattarar frå Vinje og andre delar av landet. Litteraturdagane i Vinje blei arrangerte 23.–25. august. Festivalen blei opna av direktøren i Kulturrådet Kristin Danielsen. Festivalen viser fram journalistikk og litteratur frå historia og samtida.

BEST BESØKTE ARRANGEMENT I 2019	GJESTER
Oppdrag Mottro med Linda Eide, teater	210
Festivalgudsteneste	202
Ola Bremnes trio, konsert	169

FORTELJINGAR I SKOGEN

Forteljingar i skogen er eit samarbeid med DNT Telemark, Vest-Telemark Museum, lokale Barnas turlag i kommunane Bykle, Seljord og Tokke og kultureininga i Bykle kommune. Formålet med *Forteljingar i skogen* er å kople saman leseglede og friluftsliv med dei lange linjene mellom barnelitteratur i samtida og den munnlege forteljartradisjonen i fortida. *Forteljingar i skogen* var i 2019 ein del av *Kom deg ut-dagen* i regi av DNT. Denne arrangementskombinasjonen var eit godt startpunkt for konseptet. 160 vaksne og barn fekk med seg den første gjennomføringa av konseptet i 2019. Dette legg til rette for framhald og vidareutvikling i 2020.

BILLETTINNTEKTER

2019	225 000,-
2018	189 000,-


GJESTER PÅ ARRANGEMENT OG I UTSTILLING

2019	3 109
2018	2 146



BARN OG UNGDOM AV GJESTENE

+10 % frå 2018



40

ARRANGEMENT

+8 frå 2018

Med 22 faste stillingar er Nynorsk kultursentrum ein mellomstor kulturinstitusjon.

ORGANISASJON OG ADMINISTRASJON

SJUKEFRÅVÆR

-0,1 % frå 2018

4 %

25

SYSSELSETTE ÅRSVERK

+1,3 frå 2018



FAST TILSETTE

22

+2 frå 2018



I ENGASJEMENT PÅ DELTID

23

+4 frå 2018

LEDIGE STILLINGAR OG SØKJARAR I 2019



3 STILLINGAR

72 SØKJARAR

MEDVERKNAD

Rutinane og prosessane for styresaker er endra for å opne for meir medverknad frå tilsette og fagforeiningar. Dette er blitt teke svært positivt imot av dei tilsette og har gitt betre saksførebuing og resultat. Strategiarbeidet blei gjennomført med både individuelle møte, diskusjonar, verkstader og skriftlege tilbakemeldingar frå dei tilsette.

HELSE, MILJØ OG SIKKERHEIT

Organisasjonen har vedtekne planar og innarbeidde rutinar for helse, miljø og sikkerheit i arbeidskvardagen og under arrangement og festivalar. Verksemda har interkontrollutval. Arbeidsmiljøet er trygt og i tråd med arbeidsmiljølova. Det er gjennomført vernerundar i avdelingane. Det er meldt éin skade. Sjukefråværet var på 4,0 prosent mot 4,1 prosent i 2018. Fråværet under 16 dagar var på 2,7 prosent (+0,3), og over 16 dagar var på 1,3 prosent (-0,4).

Stiftinga har retningslinjer for å førebyggje trakassering og arbeider etter lovverket for å unngå forskjellsbehandling og diskriminering. Stiftinga har prinsipp om at utøvarar ikkje skal vere påverka av rusmiddel under arrangement.

LIKESTILLING

I styret er det fire kvinner og tre menn, og leiargruppa har fire menn og tre kvinner. 15 menn og 20 kvinner har arbeidsavtale per 31.12.2019. Mennene har i snitt 14,6 lønnssteg i personleg tillegg, og kvinnene 13,8. Ved innleige av utøvarar til arrangement og turnear legg stiftinga vekt på at det over tid blir brukt like mange kvinner som menn.

YTRE MILJØ

Stiftinga forsøker å avgrense påverknaden av det ytre miljøet. Det er lagt om til el-varebil i Ivar Aasen-tunet. Det er kjeldesortering ved alle dei tre driftsavdelingane. Gjester og utøvarar blir oppmoda til å reise med buss og tog der det er mogleg.

Nynorsk kultursentrum har 17 prosent av driftsinntektene i egenkapital. Det gir solid grunnlag for vidare drift.

ØKONOMI

REKNESKAP 2019

Stiftinga hadde driftsinntekter på 30 367 554 kr og driftskostnader på 29 266 399 kr. 84 prosent av inntektene var offentlege tilskot, og 16 prosent var marknadsinntekter, gåver og sponsoravtalar. Det er sett av midlar til investeringar og vedlikehald. Stiftinga har inga langsiktig gjeld. Resultatet på 1 176 113 kr saman med prinsippendringa om føringar av avsetjingar styrkjer eigenkapitalen til 7 560 013 kr.

Kostnadene til pensjon, løn og sosiale kostnader var på 57 prosent av samla omsetning, mot 52 prosent året før. Dei samla driftsinntektene minka med 7,1 prosent og driftskostnadene minka med 10,2 prosent. Endringane kjem først og fremst av at vi berre arrangerte to festivalar i 2019 mot tre i 2018.


INVESTERINGAR

I 2019 fekk vi delfinansiert nytt ventilasjonsanlegg for magasinerna i Ivar Aasen-tunet og klimastyrt anlegg for Olav H. Haugeboksamlinga i Ulvik. Nettstadene våre har også byta publiseringssystem, slik at det er enklare å vedlikehalde over tid.

AVSETTINGAR

Det er sett av midlar til ei forskingsstilling på journalistikk, til studietur og til nye nettstader. Det er løyvd 5 979 000 kr til å realisere basisutstillinga «Forteljingar og forteljarar» i Vinje.

LØYVDE PRIVATE GÅVER OG PROSJEKTMIDLAR



Dette avviker frå førte midlar i rekneskapen. Prosjektmidlar blir rekneskapsførte når dei blir realiserte, ikkje når dei blir løyvd.

DRIFTSINNTEKTER

2019	30 367 554,-
2018	32 705 415,-

DRIFTSKOSTNADER

2019	29 266 399,-
2018	32 607 590,-

ÅRSRESULTAT

2019	1 176 113,-
2018	174 508,-

PRISAR

ÅRETS NYNORSKBRUKAR



Prisen *Årets nynorskbrukar* blir tildelt personar eller institusjonar som har synt evne til å bryte med språklege og kulturelle konvensjonar om bruk av nynorsk. Og som gjennom sitt føredøme eller praktiske arbeid gjer det lettare å vere nynorskbrukar, eller som skaper større allmenn forståing for nynorsk.

Dei to frisørkjedene Floke og Balanzera vart tildelt prisen *Årets nynorskbrukarar 2019*. Dei fekk prisen for å nytte nynorsk i marknadsføring av frisørtenester i by og bygd på aust- og vestlandet.

Prisen var på 100 000 kr og eit trykk kvar av Arne Nest. Juryen er strykt i Nynorsk kultursentrum.

ÅRETS STOREGUT



Storegutprisen som har namnet sitt etter ein sentral figur i Aasmund O. Vinjes diktning blir tildelt personar som på ein positiv måte bruker eit levende og ledig nynorsk språk i det offentlege rom.

Storegutprisen 2019 vart tildelt journalist, programleiar og forfattar Linda Eide. Ho mottok prisen for arbeidet ho gjer med å formidle kunnskap om språk med integritet og ein solid dose humor.

Juryen i 2019 var Stein Versto, Ragnvald Christenson og Guro Ljone.

OLAV H. HAUGE-STIPENDET

Annakvart år deler Nynorsk kultursentrum ut Olav H. Hauge-stipendet. Stipendet blir tildelt ein norsk lyrikar, songar eller tekstforfattar under 40 år som har gitt ut inntil tre diktsamlingar eller eigne større songverk, og som med denne

kunstnarskapen har vist eit særleg poetisk talent.

Det første Olav H. Hauge-stipendet blei tildelt Erlend O. Nødtvedt under Poesifestivalen i 2018. Han fekk stipendet for å

ha fornya det lyriske språket, samstundes som han løftar fram fleire litterære uttrykk og tradisjonar

Olav H. Hauge-stipendet vart ikkje delt ut i 2019.


Ørsta, 25. februar 2020



LODVE SOLHOLM
styreleiar




HILDE BJØRNSVIK
styremedlem



SÆBJØRN FORBERG
styremedlem



JON ØSTBØ
styremedlem




JANNE NYGÅRD
styremedlem



SIRI BEATE GJERDE
styremedlem



BJØRN LØDEME
styremedlem 07.2.2020–31.3.2020



PER MAGNUS FINNANGER SANDSMARK
direktør

Resultatrekneskap

Stiftinga Nynorsk kultursentrum

Driftsinntekter og driftskostnader	Note	2019	2018
Sal av varer		1 734 061	3 618 849
Tilskot frå Kulturdep. o.a.	1	26 779 492	26 374 666
Billettsal		1 148 437	1 622 810
Sponsorinntekter og annonser		267 735	606 925
Andre inntekter		437 829	482 165
Sum driftsinntekter		30 367 554	32 705 415
Varekostnad		1 028 348	1 423 854
Lønskostnader m.m.	4	17 388 184	17 100 131
Ordinære avskrivningar	6	707 301	656 806
Leigekostnader		524 314	886 177
Utstyr og driftsmateriell, straum		1 324 807	1 302 986
Reparasjonar og vedlikehald		579 666	361 415
Reise/opphald		1 731 148	1 965 009
Honorar	4	2 792 812	3 756 705
Marknadsføring		1 152 632	2 201 687
Ymse kontorkostnader/porto m.m.		1 463 510	1 681 876
Andre driftskostnader		573 676	1 270 944
Sum driftskostnader		29 266 399	32 607 590
Driftsresultat		1 101 155	97 825
Finansinntekter og finanskostnader			
Renteinntekter		76 171	79 077
Rentekostnader		1 212	2 394
Resultat av finanspostar		74 958	76 683
Ordinært resultat før skattekostnad		1 176 113	174 508
Ordinært resultat		1 176 113	174 508
Årsoverskot	5	1 176 113	174 508
Overføringar			
Avsett til forpliktingar	5	600 000	0
Overføringar annan eigenkapital	5	576 113	174 508
Sum overføringar		1 176 113	174 508

Balanse

Stiftinga Nynorsk kultursentrum

Eigedelar	Note	2019	2018
Anleggsmiddel			
Varige driftsmiddel			
Utekafè, -scene, stabbur og ny veg	6	2 334 958	2 516 990
Inventar og utstyr	6	1 414 416	1 771 464
Sum varige driftsmiddel		<u>3 749 374</u>	<u>4 288 454</u>
Finansielle driftsmiddel			
Sum anleggsmiddel		<u>3 749 374</u>	<u>4 288 454</u>
Omløpsmiddel			
Varelager	3	1 217 758	1 244 845
Krav			
Kundar	2	259 269	95 049
Andre krav	2	222 967	737 452
Sum krav		<u>482 236</u>	<u>832 500</u>
Bank, kasse		9 733 062	4 896 096
Sum omløpsmiddel		<u>11 433 057</u>	<u>6 973 441</u>
Sum eigedelar		<u>15 182 431</u>	<u>11 261 896</u>

Balanse

Stiftinga Nynorsk kultursentrum

Eigenkapital og gjeld	Note	2019	2018
Innskoten eigenkapital			
Grunnfond	5	270 000	270 000
Sum innskoten eigenkapital		<u>270 000</u>	<u>270 000</u>
Opptent eigenkapital			
Avsetjing for framtidige kostnader	5	1 878 970	0
Annan eigenkapital	5	4 907 043	4 330 929
Sum opptent eigenkapital		<u>6 786 013</u>	<u>4 330 929</u>
Sum eigenkapital		<u>7 056 013</u>	<u>4 600 929</u>
Gjeld			
Kortsiktig gjeld			
Avsetjing til forpliktingar	5	0	1 700 000
Leverandørgjeld		772 387	906 677
Trekk og offentlege avgifter		1 300 764	1 104 317
Påkomne kostnader		1 515 163	1 556 364
Periodiserte tilskot		4 538 104	1 393 608
Sum kortsiktig gjeld		<u>8 126 418</u>	<u>6 660 966</u>
Sum gjeld		<u>8 126 418</u>	<u>6 660 966</u>
Sum eigenkapital og gjeld		<u>15 182 431</u>	<u>11 261 896</u>

(1) Som revisor i stiftinga kan vi stadfeste at tilskotet frå Kulturdepartementet er nytta i samsvar med føresetnadene i tildelingsbrevet frå departementet.


I styret for STI Nynorsk kultursentrum, Hovdebygda 25.2.20




Lodve Solholm
Styreleiar




Jon Østbø
styremedlem




Sæbjørn Forberg
styremedlem



Janne-Kristin svarstad Nygård
Styremedlem



Hilde Løkensgård Bjørnsvik
Styremedlem



Bjørn Birger Lødemel
styremedlem



Per Magnus Finnanger Sandsmark
Direktør



Siri Beate Gjørde
Styremedlem



Hovden og Vatne Statsautoriserte Revisorer AS
Revisor

NOTAR for 2019

Stiftinga Nynorsk kultursentrum

Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova av 1998. Rekneskapsprinsippa vert skildra nedanfor.

Hovudregel for vurdering og klassifisering av eigedelar og gjeld

Eigedelar som er bestemt til varig eige eller bruk, er klassifiserte som anleggsmiddel.

Andre eigedelar er klassifiserte som omløpsmiddel. Krav som skal tilbakebetalast innan eitt år, er klassifiserte som omløpsmiddel. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarende kriterium lagt til grunn.

Anleggsmiddel vert vurderte til kostpris, men vert nedskrivne til verkeleg verdi når verdifallet er venta ikkje å vere forbigåande. Anleggsmiddel med avgrensa økonomisk levetid vert avskrivne planmessig. Langsiktig gjeld vert balanseført til nominell sum på etableringstidspunktet.

Omløpsmiddel vert vurderte til lågaste av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld vert balanseført til nominell sum på etableringstidspunktet.

Inntektsføringsprinsipp

Off. tilskot til drifta vert inntektsførde i same periode som desse er meint å dekkje frå tilskotsgivar.

Prosjektinntekter vert periodiserte til inntekt i takt med gjennomføring av prosjekta. Utbetalte tilskot for prosjekt, som ikkje er oppstarta, vert såleis balanseførde som forplikting. Andre inntekter vert inntektsførde ved opptening for tenester og på leveringstidspunktet for selde varer.

Note 1 Offentlege og andre tilskot (inntektsført del i 2019)

	2019	2018
Kulturdepartementet	19 992 760	19 474 058
Tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune	150 000	140 200
Tilskot frå Hordaland fylkeskommune	884 000	997 000
Tilskot frå Ørsta og Volda kommunar	150 000	150 000
Tilskot frå Ulvik kommune	1 200 051	2 169 200
Tilskot frå Vinje kommune	1 050 000	975 000
Tilskot frå Lom kommune	30 000	301 535
Tilskot Norsk kulturråd	150 000	374 347
Tilskot Telemark Fylkeskommune	260 000	0
Tilskot frå Nasjonalbiblioteket	700 000	0
Andre offentlege tilskot	1 780 204	284 600
Andre tilskot	332 477	918 726
Gåvemidlar	100 000	590 000
Sum tilskot	26 779 492	26 374 666

Note 2 Andre krav

Krava er verdsette til pålydande og forfell innan 1 år.

Note 3 Varelager

Varelageret er vurdert til lågaste verdi av kostpris og verkeleg verdi.

Note 4 Lønskostnad, tal på tilsette m.m.

	2019	2018
Lønskostnad	13 029 586	12 453 910
Folketrygdavgift	2 080 501	2 087 816
Oppg.pl. honorar	1 243 216	1 204 458
Pensjonsytingar	905 319	1 075 193
Andre ytingar	129 565	278 754
	17 388 184	17 100 131
Gjennomsnittleg tal på tilsette (årsverk)	24,6	23,3

Ytingar til leiande personar	Dagleg leiar	Styreleiar	Styre- medlemmer
Løn, styrehonorar og liknande	848 481	112 000	238 500
Andre ytingar	5 592	0	0
Sum	854 073	112 000	238 500

Revisor

Kostnadsført revisjonshonorar for 2019 utgjer kr 44.800,- u/mva. Honorar for revisjonsrelaterte tilleggstenester utgjer kr 17.815,- eks/mva.

Stiftinga har pensjonsordningar i Statens pensjonskasse. Ordningane gir rett til definerte framtidige ytingar. Desse er i hovudsak avhengige av tal oppteningsår, lønsnivå ved oppnådd pensjonsalder og storleiken på ytingar frå folketrygda. 27 tilsette (inkl. deltidsstillingar) er med på denne ordninga. Pensjonsordninga fyller krava til OTP.

Note 5 Eigenkapital

	Grunnfond	Avsetjing til framtidige forpliktingar	Annan eigenkapital	Sum eigenkapital
Eigenkapital pr. 01.01.2019	270 000	-	4 330 929	4 600 929
Prinsippendring	0	1 700 000	0	1 700 000
Årets resultat	0	600 000	576 113	1 176 113
Bruk av avsetjing til framtidige kostnader	0	-421 030	0	-421 030
Eigenkapital pr. 31.12.2019	270 000	1 878 970	4 907 043	7 056 013

Det er i 2019 nytta kr 421.030 frå avsetninga for framtidig vedlikehald.
Dette er bokført som reduksjon i kostnad under andre driftskostnader i rekneskapen.

Frå og med 2019 er det foretatt ei prinsippendring slik at avsetjing for framtidig vedlikehald blir klassifisert som eigenkapital. Det er ikkje utarbeida samanlikningstal for 2018.

Note 6 Driftsmiddel, avskrivningar

Tilskot til inventar/utstilling og bygg	Inventar/ utstilling/bil	Amfi/ute- kafe/utescene/ stabbur/veg	Bygg	Sum
Kostpris 1.1.	18 183 334	8 172 707	43 800 000	70 156 041
+ Tilgang	112 490	55 731	0	168 221
- Avgang	0	0	0	0
- Tilskot frå Det kongelige kulturdepartement	0	0	0	0
-Overføring frå egne avsetjingar	0	0	0	0
- Tilskot - akkumulerte tal per 31.12	-13 336 541	-4 164 500	-43 800 000	-61 301 041
Akk. avskrivningar 31.12.	-3 544 868	-1 728 979	0	-5 273 847
Bokført verdi 31.12	1 414 416	2 334 958	0	3 749 374
Avskrivningar i år	469 538	237 763	0	707 301
Avskrivingssats	10-33%	4-10%		

Stiftinga har i 2002 fått vederlagsfri heimelsoverføring frå Staten på den faste eigedomen. Dette byggjer på ein føresetnad om at nybygget ikkje skal omsettast. Dette er i samsvar med § 9 i vedtektene for stiftinga, der det heiter at "den rørlege og urørlege eigedomen til stiftinga kan ikkje avhendast, med mindre det følgjer av gjenstandens art eller føremålet med å tileigne seg gjenstanden". Som følge av dette er verdien oppført til kostpris kr 0,- for stiftinga, men slik at byggjekostnaden er vist i oppstillinga ovanfor og med tilsvarande sum som tilskot.

hovden & vatne

statsautoriserte revisorar as

Medlemmer i Den norske Revisorforening
 Autorisert rekneskapsførarselskap
 Org.nr. 987 832 916 MVA
 E-post: firmapost@h-v.no
www.h-v.no

Til styret i
 Stiftinga Nynorsk kultursentrum

Melding frå uavhengig revisor

Uttale om revisjonen av årsrekneskapen

Side 1 av 3

Konklusjon

Vi har revidert **Stiftinga Nynorsk kultursentrum** sin årsrekneskap som viser eit overskot på kr 1.176.113. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2019 og resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilde av stiftinga si finansielle stilling per 31. desember 2019, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er skildra under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av stiftinga slik det er krav om i lov og forskrift og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkelege og føremålstenlege som grunnlag for konklusjonen vår.

Ytterlegare informasjon

Leiinga er òg ansvarleg for ytterlegare informasjon i årsrapporten som vert publisert saman med års-rekneskapen, årsmeldinga og revisjonsmeldinga. Våre fråsegner om revisjonen av årsrekneskapen og andre lovmessige krav dekkjer ikkje slik ytterlegare informasjon og vi attesterer ikkje denne informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og rekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld

ØRSTA:	EID:	STRYN:
Ivar Aasengt. 10, Postb. 203, 6151 Ørsta Tlf.: 70 04 59 00	Øyane 11, Postb. 315, 6772 Nordfjordeid Tlf.: 57 88 64 16	Tønningsg. 42, 6783 Stryn Tlf.: 48 44 07 30

vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at slik informasjon inneheld vesentleg feilinformasjon, ville vi ha rapportert om det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, medrekna at han gir eit rettvisande bilde i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som ho finn naudsynt for å

kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er utført med vilje.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til stiftinga si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil verte avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå forsvarleg sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misgjerdar, og å gi ei revisjonsmelding som gir uttrykk for meininga vår. Forsvarleg sikkerheit er ein høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg og ISA-ane, alltid vil avdekkje vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misgjerdar eller feil som ikkje er utført med vilje. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan ventast å påverke økonomiske avgjerdar som brukarane tek basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoane for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misgjerdar eller feil som ikkje er utført med vilje. Vi utvikler og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar og henter inn revisjonsbevis som er tilstrekkelege og føremålstenlege som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon, som følgje av at misgjerdar ikkje vert avdekka, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er utført med vilje sidan misgjerdar kan innebære samarbeid, forfalsking, medvetne utelatingar, feil presentasjonar eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll, som er relevant for revisjonen for å utvikle revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av stiftinga sin interne kontroll.
- vurderer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er føremålstenlege og vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar, som er utarbeidde av leiinga, er rimelege.

• Side 3 av 3

- konkluderer vi, basert på innhenta revisjonsbevis, på om leiinga sin bruk av føresetnaden om vidare drift i årsrekneskapen er føremålstenleg og om det er vesentleg uvisse knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betydning om stiftinga si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg uvisse, må vi i revisjonsmeldinga gjere merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifierer konklusjonen vår om årsrekneskapen og årsmeldinga. Konklusjonane våre er baserte på revisjonsbevis innhenta inntil datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at stiftinga ikkje held fram med drifta.
- vurderer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, og tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvissande bilede.

Vi kommuniserer med styret/dagleg leiar mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og når revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betydning som vi har avdekket i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svake punkt av betydning i den interne kontrollen.

Uttale om andre lovmessige krav

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik han er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegg til bruk av overskotet, er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon


Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik han er skildra ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne naudsynte etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av stiftinga sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Konklusjon om utdeling og forvaltning

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen, som skildra ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne naudsynte i samsvar med internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000, meiner vi stiftinga er forvalta og utdelingar utført i samsvar med lov, stiftinga sitt føremål og vedtektene elles.

Ørsta, 25.2.2019

Hovden & Vatne statsautoriserte revisorar AS


Dag Hopland
statsautorisert revisor